

SKODJE KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**  
19.05.2017

Kopi til: Ordfører  
Rådmann  
Revisor

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag 29.05.2017 kl. 16.30 på  
Skodje Rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 12/17 - Godkjenning av møtebok frå møte 03.05.2017
  - « 13/17 - Årsmelding 2016 – Skodje kommune
  - « 14/17 - Kommunerekneskapen 2016 – Skodje kommune
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [harald.rogne@sksiks.no](mailto:harald.rogne@sksiks.no).

Rolf Liebich  
leiar  
(sign.)

# KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 03.05.2017, kl. 16.30

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye, Janne Gommesen og Pål Aarsæther

= **4 voterande**

Elise Marie Backlund Stavset og varamedlem Arnstein Sæthre hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunen møtte ordførar Dag Olav Tennfjord, rådmann Bente Glomset Vikhagen og teknisk sjef Frode Helland.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det var meldt inn to ekstrasaker.

### **SAK 07/17**

#### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 13.02.2017**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 13.02.2017 blir godkjent.

### **SAK 08/17**

#### **KVALITETEN PÅ DRIKKEVATN I PRIVATE VASSVERK, AVFALLSDEPONERING I FURLIA, SOSIAL DUMPING – RÅDMANNEN ORIENTERER**

Frå orienteringa:

Vatn.

Kommunen har ansvaret for det kommunale vassverket men ikkje private. 10 til 20 % av vassforsyninga kjem frå private vassverk. Det er Mattilsynet som har påsjåansvaret for kvaliteten på drikkevatt frå private vassverk. Vassverka skal sjølve sende inn prøver. Dersom vassmangel skulle oppstå i fosingssområdet til dei private vassverka, so har kommunen ei beredskapsplikt.

Furlia.

Kommunen har vore i kontakt med aktøren utan at ein har kome fram til ei løysing.

Avfallsdeponeringa ligg utanfor fylkesmannen si tilsynsplikt. Det vart opplyst at ÅRIM IKS skal gå

inn og dokumentere forureiningsgraden. Eventuell opprydding vil skje etter vedtak i Skodje kommune. Det er ikkje reguleringsplan for området.

Sosial dumping.

Leverandørar blir stilt krav til i kontraktane. Dette gjeld også entreprenørar og underentreprenørar. I innkjøpssamarbeidet er det innarbeidd krav for å unngå risiko. Kommunen er ikkje eit tilsynsorgan, men arbeider på det førebyggjande planet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 09/17**

**EVENTUELLE ANDRE ORIENTERINGAR**

Kommunen har ikkje utarbeidd eigarskapsmelding og det har vore liten aktivitet på dette området. Kommunane som skal inn i Ny Ålesund og vil samordne dette arbeidet der. Det vart stilt spørsmål om status for vedtekne forvaltningsrevisjonar relatert til oppfølging av politiske vedtak og forvaltningsrevisjonen innan selskapskontrollen av ÅRIM IKS: Sekretariatet vil ta dette opp slik at kontrollutvalet blir orientert i neste møte.

Vidare er det naturleg å vurdere innhaldet i plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode. Det vart i denne samanhengen vist til Rosanalyse.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 10/17**

**VAL AV REVISOR FOR FELLESNEMNDA (TILLEGGSSAK)**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.04.2017

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

Kommunerevisjonsdistrikt nr.3 i Møre og Romsdal blir valgt til revisor for verksemda i Fellesnemnda for kommunane Ålesund, Skodje, Haram, Ørskog og Sandøy

**SAK 11/17 ANONYMT BREV MED PÅSTANDAR KNYTT TIL KJØP AV TENESTER I SKODJE KOMMUNE (Saka kom opp under eventuelt)**

Brevet vart gjennomgått og drøfta.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Det blir bedt om ei orientering frå rådmannen i tilknytning til dette brevet

Rolf Liebich  
leiar  
(sign.)

Inge Øye  
nestleiar  
(sign)

Janne Gommesen  
medlem  
(sign.)

Pål Aarsæther  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Skodje kommune

Dato: 19.05.2017

**SAK 13/17  
ÅRSMELDING 2016 – SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2016 – Skodje kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2016 for Skodje kommune til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Skodje kommune

Dato: 19.05.2017

**SAK 14/17  
KOMMUNEREKNESKAPEN 2016– SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2016 - Skodje kommune
2. Skodje kommune - kommunerekneskapen 2016

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale:**

Skodje kommune sin rekneskap for 2016 blir godkjent.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

Til  
Kommunestyret  
i Skodje

## **MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR – KOMMUNEREKNESKAPEN 2016 – SKODJE KOMMUNE**

### **Uttale om årsrekneskapen**

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Skodje kommune som viser kr 254 943 030,-, til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 8 927 656,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Anna informasjon*

Anna informasjon består av informasjon i kommunen sin årsrapport, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Rådmannen er ansvarleg for anna informasjon.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål for å vurdere om det ligg føre vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den anna informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### *Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn nødvendig for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, med rimelegheit kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til: [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

### **Uttale om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen i det alt vesentlege stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.



*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 10. mai 2017



Kjetil Bjørnsen  
kommunerevisor